



Elin Matgleder med eit stort og variert vareutval i dag.

Mykje folk var samla i og utanfor parkeringshuset då Uskedalen.no var innom Jul i Rosendal i 11 tida i dag. Tre verksemder frå Uskedalen er deltakarar med egne standar. Det er Hjørnevåg, Friheim Gardsmat og Elins Matgleder. Rosendal som bygd og arrangøren har gode røynsler og eit godt grep på det å få til eit julemarked med høg kvalitet og god stemning.



[Hjønnevåg med tre aktive og til dels kjende seljarar på messa.](#)

Jul i Rosendal er eit av mange julemarked i regionen. Det er i utgangspunktet ei lokal salsmesse. Alle produkta er det vi vil kalla kortreiste,- bakst, drikke, smykke, kunsthåndverk og gåver. I tillegg kan du gå på juleverkstad og forteljarstunder. Innimellom er det musikk- og danseinnslag. Nokre av seljarane vil vera med på Julegrantenninga i Uskedalen neste fredag. Dersom du ikkje fekk høve til frammøte i Rosendal i dag, kan du sjå fram til salsmesa i Uskedalen fredag 2. desember frå kl. 16.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Friheim Gardsmat hadde fire travle timar på Jul i Rosendal i dag.